

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) 2020/1497****2022/EØS/81/61****av 15. oktober 2020****om godkjenning av L-metionin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80184 og *Escherichia coli* KCCM 80096 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar<sup>(\*)</sup>**

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 9 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Forordning (EF) nr. 1831/2003 inneheld føresegnar om godkjenning av tilsetjingsstoff for bruk i fôr.
- 2) Det er sendt inn ein søknad i samsvar med artikkel 7 i forordning (EF) nr. 1831/2003 om godkjenning av L-metionin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80184 og *Escherichia coli* KCCM 80096 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar. Søknaden inneheldt dei opplysningane og dokumenta som krevst etter artikkel 7 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003.
- 3) Søknaden gjeld godkjenning i kategorien «ernæringsmessige tilsetjingsstoff» av L-metionin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80184 og *Escherichia coli* KCCM 80096 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar.
- 4) I fråsegna si av 12. november 2019<sup>(2)</sup> konkluderte Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik («styresmakta») med at L-metionin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80184 og *Escherichia coli* KCCM 80096 under dei framlagde bruksvilkåra ikkje har nokon skadeverknad på dyrehelsa, menneskehelsa eller miljøet.
- 5) Styresmakta konkluderte òg med at L-metionin framstilt av *Corynebacterium glutamicum* KCCM 80184 og *Escherichia coli* KCCM 80096 er ei effektiv kjelde til metionin for alle dyreartar, og at tilsetjingsstoffet bør vernast mot nedbryting i vomma for å vere like verknadsfullt hjå drøvtyggjarar som hjå ikkje-drøvtyggjande artar.
- 6) Styresmakta reknar ikkje at det er naudsynt med særlege krav om overvaking etter at produktet er bringa i omsetning. Ho stadfesta òg den rapporten om analysemetoden for fôrtilsetjingsstoffet som er lagd fram av referanselaboratoriet, som vart skipa ved forordning (EF) nr. 1831/2003.
- 7) Vurderinga av dette tilsetjingsstoffet viser at vilkåra for godkjenning, som er fastsette i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1831/2003, er oppfylte. Bruken av dette tilsetjingsstoffet bør difor godkjennast slik det er fastlagt i vedlegget til denne forordninga.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og fôr.

<sup>(\*)</sup> Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 342 av 16.10.2020, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 15/2021 av 5. februar 2021 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitere forhold), ennå ikke kunngjort.

<sup>(1)</sup> TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

<sup>(2)</sup> EFSA Journal 2019;17(12):5917.

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

Det stoffet som er oppført i vedlegget, og som tilhører kategorien «ernæringsmessige tilsetjingsstoff» og funksjonsgruppa «aminosyrer og salt og analogar av dei», vert godkjent som fôrtilsetjingsstoff på dei vilkåra som er fastsette i vedlegget.

*Artikkel 2*

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel 15. oktober 2020.

*For Kommisjonen*

Ursula VON DER LEYEN

*President*

---

VEDLEGG

Identifikasjonsnummeret til tilsetjingsstoffet	Namnet til innehavaren av godkjenninga	Tilsetjingsstoff	Samansetnad, kjemisk formel, forklaring, analysemetode	Dyreart eller dyregruppe	Høgaste alder	Lågaste innhald	Høgaste innhald	Andre føresegner	Godkjenninga gjeld inntil
						mg/kg fullfôr med eit vassinnhald på 12 %			
<b>Kategori: ernæringsmessige tilsetjingsstoff. Funksjonsgruppe: aminosyrer og salt og analogar av dei</b>									
3c305	-	L-metionin	<p><i>Samansetnaden til tilsetjingsstoffet</i> Pulver med eit L-metionininnhald på minst 98,5 % og eit vassinnhald på høgst 0,5 %</p> <p><i>Karakterisering av det aktive stoffet</i> L-metionin framstilt ved gjæring med <i>Corynebacterium glutamicum</i> KCCM 80184 og <i>Escherichia coli</i> KCCM 80096 Kjemisk formel: C<sub>5</sub>H<sub>11</sub>NO<sub>2</sub>S CAS-nummer: 63-68-3</p> <p><i>Analysemetodar<sup>(1)</sup></i> Fastsetjing av L-metionin i fôrtilsetjingsstoffet: — Food Chemical Codex «L-methionine monograph» (påvising) og — ionebytarkromatografi med postkolonnedderivatisering og optisk deteksjon (IEC-VIS/FLD) – EN ISO 17180 (mengdefastsetjing) Fastsetjing av metionin i premiksar: — ionebytarkromatografi med postkolonnedderivatisering og optisk deteksjon (IEC-VIS/FLD) – EN ISO 17180 og — ionebytarkromatografi med postkolonnedderivatisering og fotometrisk deteksjon (IEC-VIS) – kommisjonsforordning (EF) nr. 152/2009 (vedlegg III del F)</p>	Alle artar	-	-	-	<p>1. L-metionin kan bringast i omsetning og nyttast som tilsetjingsstoff i form av eit preparat.</p> <p>2. L-metionin kan nyttast i drikkevatn.</p> <p>3. Tilsetjingsstoffet og premiksane skal merkast med følgjande opplysningar: «Ved tilsetjing av L-metionin, særleg i drikkevatn, skal det takast omsyn til alle essensielle og semiesensielle aminosyrer for å unngå ubalanse.»</p>	5.11.2030

			<p>Fastsetjing av metionin i fôrblendingar og fôrmiddel:</p> <p>— ionebytkromatografi med postkolonnederivatisering og fotometrisk deteksjon (IEC-VIS) – kommisjonsforordning (EF) nr. 152/2009 (vedlegg III del F)</p> <p>Fastsetjing av metionin i vatn:</p> <p>— ionebytkromatografi med postkolonnederivatisering og fotometrisk deteksjon (IEC-VIS)</p>						
--	--	--	--	--	--	--	--	--	--

(1) Nærmare opplysningar om analysemetodane er å finne på nettstaden til referanselaboratoriet: <https://ec.europa.eu/jrc/en/eurl/feed-additives/evaluation-reports>